



Kommunane v/rådmann
Vaksdal, Osterøy, Lindås
Fjell



Vår ref.: 2017/15772-3

Dykkar ref.: «REF»

Bergen, 20.03.2018

Invitasjon til dialogmøte om båtruter i kommunen

Skyss har siste året utarbeidd Trafikkplan båt Hordaland, vedtatt i fylkesutvalet 22.11.2017 (FUV-sak 271/2017). Trafikkplan gir føringar for tilbudsutviklinga, samt faglege tilrådingar om val av miljøløysingar for båtrutene. Mellom anna omhandlar planen problemstillingar kring mindre båtruter som dekker transportbehov for øyer og veglause stader med få fastbuande, som Osterfjorderuta og båtruta Geitanger-Knapskog.

Vi ønskjer med dette å invitere til eit møte for å kunne gå gjennom og drøfte moglege framtidige løysingar for transportbehovet for områda som er dekkja av dei to nemnte båtrutene. Tema i møtet vil og vere alternative finansieringsløysingar samt moglege avtale-/kontraktsformer.

Vi foreslår følgjande møtetidspunkt:

Osterfjorderuta

Felles møte Vaksdal, Osterøy, Lindås kommunar:

Mandag 16. april, kl. 11-12.30, alt. mandag 23. april kl 11-12.30

Geitanger-Knapskog

Møte Fjell kommune:

Mandag 16. april, kl 13-14.30, alt. mandag 23. april kl 13-14.30

Vi vonar det er mogleg å gjennomføre møta på tidspunkta som her er foreslått, og ber om at tilbagemelding vert sendt til Vigdis Bjørgo, epost vigdis.bjorgo@skyss.no snarast råd.

Frå Skyss møter Målfrid Vik Sønstabø leiar for avdeling trafikktilbod og seniorrådgjevar Vigdis Bjørgo. Vi ser fram til møte med dykk.

Med vennleg helsing,
Oddmund Sylta
direktør Skyss

Målfrid Vik Sønstabø
leiar avdeling trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.